



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: e27383a7-e216-4085-a826-
0dce1532cbd1
Vår: 23/4922 - 23/56676

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:

05.07.2023

Intern høyring - Detaljregulering for Børøy, Lygra

Viser til førespurnad om å koma med uttale til intern høyring for detaljregulering for Børøy, Lygra.

Planområdet ligg innanfor Den indre farleia, som i 2016 vart klassifisert som eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Då kommunedelplanen som omfattar Børøy vart vedtatt før området vart klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, har ikkje området omsynssone H570 slik som resten av dette landskapet har. Området har dei same kvalitetane som resten av Den indre farleia, og bør handsamast på same måte. KULA-rapporten slår fast at Den indre farleia er særleg sårbart for treplanting og attgroing, brukonstruksjonar over leia og høge konstruksjonar.

Fleire av tomtene som reguleringsplanen omfattar er plassert på høgdedrag i terrenget, og særleg hyttene på tomt FBF4, FBF5 og FBF6 framstår som ruvande i terrenget og godt synleg frå alle retningar på illustrasjonane over fjernverknad. Det høgaste punktet i området er 32,5 meter høgt, medan bygga på dei tre nemnde tomtene har maksimal kotehøgde på 35-37 meter. Ein slik plassering av fritidsbustadene vil vera ein uheldig fjernverknad i eit landskap som er sårbart for høge konstruksjonar.

Alle bygg må plasserast slik at dei ikkje ruvar i terrenget, og høgda på bygga som ligg høgast i terrenget bør avgrensast til éin etasje. Vidare må ein unngå store terrenginngrep både når det gjeld bygginga av fritidsbustadene og opparbeiding av tomter og vegar. Særleg må ein unngå å planera på toppen av høgdedraga.

For å sikra ein heilskap innanfor planområdet bør alle bygg få saltak.

Med helsing
Alver kommune, Kulturutvikling, idrett og
frivillighet

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak Postboks 4 5906 FREKHAUG